

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
081/20	Formannskapet	PS	14.10.2020
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	20/2677

Rullering av handlingsprogram vedr kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2020 - 2023

Vedlegg:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2021 – 2024 vert vedteke slik det ligg føre.

Formannskapet - 081/20

FS - behandling:

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "Handlingsprogrammet vert presentert for heradsstyre slik at for kvart anlegg på både lister «Ordinære anlegg» og «Ordinære nærmiljøanlegg» fylger det med (1) opplysingar om anlegget er fullført, (2) om det er bygd eller skal byggjast på privat eller offentleg grunn, og (3) om det føreligg avtale med grunneigar om anlegget."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Johannes M. Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt attende for ny utgreiing. Ein ber om at det vert lagt fram kva tiltak/anlegg som er gjennomført og eventuelt kor nær gjennomføring prosjektet er.

- Idrettsrådet prioritærer innad i idrettsanlegg
- Andre anlegg vert prioritert av politisk utval.
- Anlegg som er avhengig av vedtak om kommunale tilskot skal ikke vera med på lista før det er gjort vedtak i kommunen om slik stønad.
- Kostnadar knytt til drift/vedlikehald som følgjer av tiltaket skal framgå (estimat)."

Hjalti H. Gislason, H, trekte sitt framlegg

AVRØYSTING

Utsetjingsframlegget - samrøystes vedteke (2SP,2AP,1H,1KRF,1SV,2FRP)
Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

FS - vedtak:

"Saka vert sendt attende for ny utgreiing.

Ein ber om at det vert lagt fram kva tiltak/anlegg som er gjennomført og eventuelt kor nær gjennomføring prosjektet er.

- Idrettsrådet prioritær innad i idrettsanlegg
- Andre anlegg vert prioritert av politisk utval.
- Anlegg som er avhengig av vedtak om kommunale tilskot skal ikke vera med på lista før det er gjort vedtak i kommunen om slik stønad.
- Kostnadar knytt til drift/vedlikehald som følgjer av tiltaket skal framgå (estimat)."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Osterøy kommune rullerer årleg handlingsprogrammet for Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet når det gjeld prioritering av spelemidlar.

Det har vore tradisjon for å flytte opp anlegg på lista i tråd med at dei føre får tilskot. Rådmannen tilrår at ein endrar tradisjonen, og at rekkefølgja blir bestemt ut frå søknadsdato for anlegg i søknadsportalen. Dette betyr at anlegga skal prioriterast opp etterkvar som dei er klare for å søke spelemidlar.

Saksbehandlar har drøfta endring i prioritering med Idrettsrådet på styremøte 23/9, og dei hadde ikkje innvendingar.

Vurdering

Det er meldt inn to nye anlegg sidan i fjar: Dagsturhytte og Rehabilitering av kunstgrasdekke på Furubakken. Desse vert tilrådd lagt inn sist på lista, og prioritert opp når søknaden ligg føre i sakssystemet.

Prioritering blir gjort på bakgrunn av informasjon om status på dei ulike anlegga, og faktisk status i sakssystemet.

Delfriidrettsanlegget Fotlandsvåg idrettsplass fekk tilskot i fjar, og blir difor fjerna frå lista.

Ordinære anlegg:

Rehabilitering av friidrettsanlegget på Hatland: Vert flytta opp frå 3. til 1. plass. Anlegget søkte første gang i fjar, var ferdig sommaren 2020 og skal fornyast i sakssystemet i år.

Reiskapshuset til Fotlandsvåg IL og turveg med lyssetjing rundt Brakvatn ligg på 12. og 13. plass, og er dei anlegga som er nærmast å bli realisert av dei resterande på lista. Rådmannen tilrår likevel ikkje å flytte på disse før faktisk søknad føreligg i sakssystemet.

Nærmiljøanlegg:

Ballbingen ved Hamre skule i regi av Hamre grendaråd arbeider med søknaden, men den er ikkje fullstendig i anleggsregisteret i skrivande stund. Ein tilrår difor at ein ikkje endrar rekkefølgja i prioriteringa.

Haus grendaråd har meldt inn sanatoriet i Haus som nærmiljøanlegg. Grunna usikkerheit om dette fyller krava, og for knapp tid til å få dette avklart innan fristen, tilrår rådmannen å vente med å sette dette inn på lista.

Folkehelse

Å ha god tilgang på ulike former for fysisk aktivitet over heile øya er viktig som folkehelsetiltak.

Miljø

God tilgang på anlegg der folk bur gjer at innbyggjarane kan vere fysisk aktive «utanfor» stovedøra.

Anlegg som tek i vare miljøomsynet bør prioriterast.

Økonomi

Osterøy kommune er ansvarleg for å sjå til at anlegga blir halde i ein slik stand at dei kan nyttast til føremålet. Dei fleste anlegga er kommunalt eigd. Det medfører ansvar for å oppretthalde ein god teknisk standard i anleggets levetid, om ikkje vert ein erstatningspliktig i forhold til tildelt spelemiddeltilskot. Osterøy kommune gjer årleg drifts- og vedlikehaldsmidlar til anlegg som har fått spelemiddelstøtte. Det er idrettsrådet som tar mot og behandlar søknadane om drifts- og vedlikehaldsmidlar, og midlane vert fordele ut frå søknadane. Til tross for auken i anlegg er ikkje desse midlane auka nemneverdig dei siste åra. Ved å stadig vedta nye anlegg fører dette til oppbygging av eit potensielt vedlikehaldsetterslep på anleggsfronten.

Konklusjon

Nye rutinar og prioritieringsvilkår må drøftast i arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. I følgje Osterøy sin planstrategi skulle denne ha vore rullert i 2019. Rådmannen rår no til å vedta prioritert liste slik den ligg føre.